

Gutelaget G15 starta strandryddinga i kveld.

27.04.2017



G15 laget samla på Sandakaien før avreise til ryddeaksjonen rundt Skorpo.

I kveld i 17 tida starta strandryddinga i Uskedalen. Lerøy Sjøtroll med Jonny Hansen og anna personale synte ansvar og gjennomførte rydding i strandsona rundt Skorpo og i Storsund. I ein tydleg annonse skriv Lerøy: I 2050 vil det vera meir plast i havet enn fisk - om vi ikkje gjer noko med det. Sjøtroll og G15 Uskedalen/Rosendal gjer noko med det. I kveld vart det samla inn 35 - 40 sekker med avfall og søppel.

G15 Uskedalen/Rosendal er eit gutelag i forball som spelar i serien Bergen/Voss. 11 gutter og nokre foreldre møtte fram på Sandakaien for informasjon og innføring i tryggleiksrutinane. Gutelaget vert trenat av Jonny Hansen og Lars Emil Berge frå Åkra.



Det vart samla inn nær på 40 sekker plast og søppel i kveld.

Det er registrert svært mykje plast og søppel i strandsona. I tillegg kjem noko impregnert treverk. Lerøy går ut med ein stor og landsdekkande ryddeaksjon. Strandryddedagen, som er ein nasjonal dugnad, er lagt til 6. mai. I Uskedalen er mykje av jobben gjort i kveld.

Jonny Hansen takkar gutane for ein flott jobb. Han takkar også Odd Steinar Arnesen og Kristian Hansen for lån av mindre båtar.

Friluftsrådet Vest og SIM legg opp til strandryddeaksjon i Kvinnherad i tida 6. - 9. mai. Uskedal utvikling skipar til temamøte onsdag 3. mai. Her vil vi få vite meir om denne aksjonen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jonny Hansen/Odd Steinar Arnesen



Lerøy Sjøtroll møtte fram med disponibelt mannskap, båt og utstyr.